

Kommunale øyeblikkelig hjelp døgnplasser (KAD) Hareid, Herøy, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta kommuner

- ei orientering til innleggande legar.

Fastlegar, legevaktslegar og legar i akuttmottak på poliklinikkar ved sjukehusa kan legge inn pasientar i KAD etter å ha konferert og gjort avtale med KAD -ansvarleg sjukepleiar .

Innlegging i KAD kan skje når ein pasient har behov for behandling på institusjonsnivå som ikkje kan vente. Behandling kan i enkelte situasjonar også vere auka omsorgsbehov på grunn av akutt sjukdom, men tilbodet skal ikkje vere ein snarveg inn til sjukeheims plass. Tilbodet til pasientane skal vere like godt eller betre enn den behandlinga dei kan få på sjukehus.

KAD tilbodet er gratis for pasientane. Dei kan vere i KAD tilbodet i inntil 3 døgn. Dersom dei har behov for sjukeheims plass utover dette, vil dei bli overført til vanleg korttidsopphald.

Det skal alltid vere sjukepleiar på vakt. Pasientane blir vurdert av lege ved institusjonen, rutinane for dette er noko forskjellig i dei ulike kommunane. Nødvendige legetilsyn utan om vanleg arbeidstid vil normalt bli utført av legevakta.

Aktuelle pasientar:

- Rimeleg avklara diagnose
- Rimeleg klart forventa forløp
- Sjukeheimen har kompetanse til nødvendig observasjon og behandling
- Tilstanden eller omsorgssituasjonen tillet ikkje vidare behandling i heimen

Det kan til dømes dreie seg om infeksjonar, dehydrering, palliativ behandling, brotskader.

Tilbodet er ikkje aktuelt for:

- Uavklarte tilstandar som krev sjukehuset sine diagnostiske ressursar
- Ustabile pasientar som kan trenge legetilsyn i løpet av døgnet
- Kjente diagnosar som krev sjukehusinnlegging (hjerteinfarkt, hjerneslag og liknande)

Innleggingskriv:

Pasientane skal leggest inn av lege, som før innlegging skal ha vurdert pasienten klinisk . Det skal følgje med eit innleggingskriv som har med:

- Personlege opplysningar: namn, fødselsnummer, fastlege og ev. namn på pårørande
- Sjukehistorie
- Utførte undersøkingar med funn
- Faste medikament
- Forordna behandling og lengda av denne
- Instruks for observasjon
- Kriterier for varsling av lege

Det bør også sendast elektronisk innleggingskriv, men pasienten skal alltid ha med papirversjon i tillegg

Innleggingar meldast til telefon:

Hareid	70037522	Herøy	95784958
Ulstein	99097861	Vanylven	70030220
Volda	97719685	Ørsta	70048820
Sande	90513161		

Revurdert av Norunn K. Elde 18.01.2021

Revidert av kommuneoverlege Norunn Kirkebø Elde 14. 02.2022